



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 06.09.2018

Sak nr.: 18/55-13

Internt l.nr.: 41782/18

Sak: 39/18

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 6. seotember 2018**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a) FR Utdanning og yrkesrådgjeving (17/7179)

På grunn av intern kvalitetssikring vart dette prosjektet forseinka. Rapporten er no så godt som klar, og vert sendt fylkesrådmannen denne eller neste veke. Rapporten vert ferdig og klar for oversending til kontrollutvalet seinast 6. november.

- b) Desisjon av møtebøkene 2017 (18/1476)

Rapport er til høyring, og vert ferdig seinst 12. september.

Orienteringa frå Deloitte på desse to sakene vart teken til vitande.

2. Møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 2019

Møteplanen vart teken til orientering.

3. Vedtak i fellesnemnda 18.06.18 – val av sekretariatsordning

Vedtaket vart teke til orientering.

4. Vedtak i fellesnemnda 18.06.18 – val av revisjonsordning

Vedtaket vart teke til orientering.

5. Rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020 – Hordaland fylkeskommune

Planen vart teken til orientering.

6. Orientering frå leiar i kontrollutvalet

Klaus Iversen tok opp spørsmålet om rekneskap for riksveg/fylkesveg for investering og vedlikehald i møtet. Iversen refererte til innlegg i fylkestinget i sak 18/2018.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

- i. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å kalle inn fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å gjere greie for korleis rekneskapen for fylkesvegar vert kvalitetssikra.

7. Orientering frå sekretariatet

a) Folkevaldopplæring 2019

Sekretariatet orienterte om arbeidet med programmet til den planlagde fellessamlinga med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet 8. – 10. januar 2019. Kontrollutvalsmedlemmane vil, til neste møte, vurdere kva tema som skal presenterast på samlinga frå vårt utval.

b) Rapport 2. tertial – kontrollutvalet

Kontrollsjef presenterte forslag til tertialrapport for 2. tertial for kontrollutalet.

Utvalet gjorde følgjande vedtak:

- i. Det er ikkje grunnlag for budsjettendring av kontrollutvalet sitt budsjett på bakgrunn av framlagd 2. tertialrapport.

c) Fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25. september

Det vert ikkje mogeleg å få til fellesmøte 25. september, då denne datoen ikkje passer for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.